Knarvik bakeri

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Linda Folkestad | 02.02.2016 |
| Vår: 16/27 - 16/2891 | Linda.Folkestad@lindas.kommune.no | |

# Vedkomande tømmerapport januar 2016 - gbnr 188/400 Venezia Pizza

Teknisk drift syner til Dykkar e-post vedkomande tømming av fettutskiljar ved Venezia Pizza, Kvassnesvegen 23, utført den 20.01.2016 av Franzefoss Gjenvinning. Tømmeoperatør har gitt merknad om at utløp frå anlegg var heil tett. Dette er no opna. Merknad frå tømmeoperatør gjev grunn til uro, da dette viser at anlegget har vore ute av drift i ei periode. Fetthaldig avlaupsvatn har blitt ført ut på kommunalt leidnings-nett via overløp. Årsrapportering for anlegg viser høg temperatur i anlegg. Høge temperaturer fører til at fett ikkje vert skilt ut i anlegg men ført ut på leidningsnett og tettar igjen dette.

På grunn av anleggets storleik og innvendig plassering (varmt rom) har kommunen kravd hyppig tømming og temperaturlogging. Det er viktig at tømmefrekvens for anlegg er korrekt og at tømming/vedlikehald av anlegg vert utført til rett tid. Ut i frå dei opplysningane vi har motteke i årsrapportering av anlegg ser vi at anlegg ikkje fungerer slik det skal.

Vi ber Dykk om å sørgje for å få betre kontroll over anlegg slik at ein unngår at fett vert ført ut på leidningsnett.

Med helsing

| | |
| --- | --- |
| Arne Helgesen | Linda Folkestad |
| Avdelingsleiar vatn og avlaup | saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Foss Eiendomsselskap | Kvassnesvegen 23 | 5914 | ISDALSTØ |
| Region Vest Rema 1000 | | | |
| Venezia Pizza Att: Maryam Ibrahimi | Slettebakksveien 80 B | 5093 | BERGEN |

**Mottakarar:**
Knarvik bakeri